



Arkivnr: 2014/20192-2

Saksbehandlar: Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.12.2015
Fylkesutvalet		04.12.2014

## Minnemarkering over symjaren Alexander Dale Oen

### Samandrag

Symjaren Aleksander Dale Oen var ein særskilt ekstraordinær idrettsmann som sette djupe spor etter seg i Øygardssamfunnet, på Vestlandet, i Noregs befolkning og i det internasjonale symjemiljøet. Alexander Dale Oen var ein særskilt stor motivator, inspirator og førebilete blant ungdom.

Øygarden kommune og Kystmuseet i Øygarden ønskjer å heidra Alexander Dale Oen sitt minne og prestasjonar ved å få reist ein skulptur av han og arrangere ein konsert på dagen han ville ha fylt 30 år 21.05.2015. Skulpturen vert laga av Arne Mæland og får med sokkel ei høgde på 1,5 m. Den vil symbolisere Alexander Dale Oen når han kjem opp av bassenget etter å ha teke VM gull i 2011. Total kostnad er kr 1 mill. Det vert søkt om kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til minnemarkeringa over Alexander Dale Oen.

Budsjettet vert endra slik:

konto 10.400.735.00.14700 Tilskot til andre kulturføremål aukar med kr 100.000,-  
konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 100.000,-

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.11.2014**

Symjaren Aleksander Dale Oen sette djupe spor etter seg i Øygardssamfunnet, Vestlandet, Noregs befolkning og store delar det internasjonale symjemiljøet. Alexander Dale Oen var eit viktig førebilete og ein stor motivator og inspirator blant ungdom, innan symjing og andre idrettar.

Øygarden kommune og Kystmuseet i Øygarden ønskjer å heidre Alexander Dale Oen sitt minne og prestasjonar ved å få reist ein skulptur av han og arrangere ein konsert på dagen han ville ha fylt 30 år 21.05.2015. Skulpturen vert laga av kunstnaren Arne Mæland Skulpturen, og vil med sokkel ha ein høgde på 1,5 m. Den vil symbolisere Alexander Dale Oen når han kjem opp av bassenget etter å ha teke VM gull i 2011.

Etter samråd med familien vil skulpturen bli plassert i sjøkanten nær Kystmuseet i heimbygda Ovågen,. I samband med avduking av skulpturen vil det blir arrangert ein minnekonsert ved Kystmuseet. Her vil m.a. elevar ved Øygarden ungdomskule delta med ein MOT-konsert.

Kystmuseet i Øygarden arbeidar for å dekke kostnaden til minnemarkeringa gjennom eit spleiselag. Øygarden kommune, VisjonVest (SPV), Statoil Kolsnes/Sture, CCB og Gasnor har alt bidrege til spleiselaget med ulike beløpsstorleikar. Alle sponsorar vil få logoen/firmanamnet sitt på minneplata.

**Økonomi**

Kostnaden med utarbeiding av skulpturen og nødvendig infrastruktur, og arrangement av minnekonsert er berekna til kr 1.mill. Det vert søkt om kr 100.000 i støtte frå Hordaland fylkeskommune.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Alexander Dale Oen var ein særskilt ekstraordinær idrettsutøvar både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Markeringa 21. mai 2015 er knytt opp mot det som skulle vore hans 30-årsdag, forankra i heimbygda i Øygarden kommune. Fylkesrådmannen rår til å støtte søknaden fullt ut for å bidra i spleiselaget for å få realisert minnemarkeringa.